

Framlegg pr. 9.juni 2015

Selskapsavtale/ Vedtekter

for

Fjordhamn Vest IKS

Fjell kommune og Lindås kommune skipar og deltek i felles hamneforvalting og hamnedrift gjennom dette selskapet kalla Fjordhamn Vest IKS. Selskapet er organisert som interkommunalt selskap i medhald av Lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999, og med slik selskapsavtale/ vedtekter:

§ 1

Namn / organisasjonsform

Selskapet sitt namn er **Fjordhamn Vest IKS** (heretter nemnt som Selskapet). Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne rettar og plikter, og ei sjølvstendig partsstilling i høve til domstol og styresmakter.

§ 2

Kontorstad

Selskapet har kontorstad i Fjell kommune.

§ 3

Føremål

Selskapet sitt føremål er å syte for hamnetilhøve og hamnetenester som i kvalitet, omfang og breidde kjem innbyggjarane og næringslivet i deltakarkommunane i møte på ein best mogleg måte gjennom å

- sikra trygg ferdsel i dei hamneområda som hamnevesenet har ansvar for
- ivareta dei administrative og forvaltingsmessige oppgåvene etter hamne- og farvannslova og anna relevant lovverk
- ha eit solid økonomisk fundament
- sikra medråderett for alle deltagande partar i samarbeidet
- vera kostnadseffektivt
- vera konkurransedyktig

- vera med å utvikla ein infrastruktur som sikrar best mogleg samband mellom sjøtransport og andre transportformer
- vera med å byggje opp konkrete samarbeidsprosjekt og –former saman med næringsliv og andre samfunnsaktørar
- sikra at miljøomsyn vert godt ivareteke
- vere i samsvar med den til kvar tid gjeldande lovgevinga

Kvar deltakar skal delegera til selskapet den mynde kommunen har på grunnlag av Hamne og farvannslova, slik det framgår av §10 i lova.

Selskapet skal kunne stifte aksjeselskap og delta i aksjeselskap med verksemd innafor hamneselskapet sine føremål.

§ 4

Grunnleggjande økonomiske føresetnader

Kostnader fram til Selskapet er etablert skal dekkast av dei samarbeidande kommunane etter same brøk som kvar kommune har eigardel i selskapet.

Selskapet sine økonomiske midlar skal nyttast i samsvar med Hamne- og farvannslova sine reglar, og kan berre nyttast til hamneføremål.

Selskapet skal utan vederlag overta disposisjonsretten til dei samarbeidande kommunane sine hamneeigedomar og andre offentlege hamneinnretningar. Selskapet skal også overta ansvaret for drift av desse, herunder retten til å krevje hamneavgifter og vederlag knytt til bruken av desse. Alt av slike inntekter går inn i Selskapet si hamnekasse. Desse eigedomane er:

Fjell kommune:

Apalvågen kai

Bjørøyhamn kai

Brattholmen kai

Dalseide kai

Døsjø kai

Eide kai, Bjørøy vest

Knappskog kai

Knarrevik kai

Kolltveit kai

Misje kai

Møvik kai

Notabustallen kai, Eide

Solsvik kai

Turøyna kai og molo

Vindenes kai (front mot sør)

Lindås kommune:

Mongstad kai

Herland kai

Sævrås kai

Vetlestø kai

Tveitstø kai

Eikanger kai

Askvik kai/ pri

Nesbø kai

Kvamme kai

Bjørsvik kai

Gjervik kai

Seim kai

Isdalstø kai

Isdalstø kai 2

Alversund/Tveiten kai

Alversund/Tveiten kai 2

Eiknesvågen kai

Myking kai

Knarvik Nord kai

Eigedomane ovanfor skal disponerast fullt ut av Selskapet med mindre Selskapet og den enkelte kommune/ heimelshavar avtaler at også vedkomande kommune/ heimelshavar kan disponere eigedomen ved sida av Selskapet. Slik avtale må ikke vere i konflikt med Selskapet sine interesser.

Selskapet skal ha ansvar for vedlikehald og forsikring av eigedomane.

Om leigeavtalar o.l knytt til eigedomen i utgangspunktet gjev inntekter, skal inntektene tilkomme Selskapet.

Om Selskapet investerer i ein slik eigedom ut over vanleg vedlikehald, så skal Selskapet bli sameigar i eigedomen etter ein andel tilsvarende verdiauken som investeringa representerer. Før slik eventuell investering finn stad, skal Selskapet og kommunen i fellesskap fastsette Selskapet sin eigardel i eigedomen. Om Selskapet og kommunen ikkje vert samde om dette, skal Selskapet sin eigardel verte fastsett av ei nemnd på tre (3) medlemmer. Til denne eventuelt nemnda oppnemner Selskapet og kommunen kvar sitt medlem, og i fellesskap eit tredje medlem som då vert nemnd sin leiar. Kostnadene til nemnda vert tillagt Selskapet.

Kommunane kan ikkje utan sakleg grunn motsette seg investeringar i eigedomane som Selskapet vedtek å gjere. Om slike investeringar er vedteke av hamnerådet kan kommunane ikkje i noko tilfelle motsette seg det.

Selskapet og vedkomande kommune kan avtale avvikande ordningar frå det som er regulert ovanfor i §4 dersom det er knytt pantegjeld til den einskilde eigedom. Om innkoma frå vedkomande eigedom er naudsynt for å dekke pantegjelda på eigedomen, kan vedkomande kommune krevje anten at Selskapet nyttar innkoma til å dekke pantegjelda, eller at vedkomande kommune mottek innkoma og dekker pantegjelda. Selskapet kan velge kva måte av desse dette skal gjerast på.

Selskapet og kommunane er kjende med at det er kaieigedomar i deltakarkommunane som ikkje er tekne med i oversikta ovanfor, av di rettane er uklare og/eller samansette mellom kommunane og private eller andre offentlege heimelshavarar/eigarar. Slike eigedomar skal vedkomande deltakar og Selskapet inngå seinare avtale om Selskapet si stilling til.

§ 5

Deltakarar / deltakaransvar

Samarbeidskommunane har eigardel i selskapet sin nettoformue som følgjer:

Lindås kommune 50%

Fjell kommune 50 %

Ved ei eventuell framtidig auke i tal eigarar skal ingen eigar aleine kunne ha majoritet i Selskapet.

Kvar deltakar har uavgrensa ansvar for ein så stor del av Selskapet sitt ansvar og plikter som den enkelte deltakar har eigardel i Selskapet. Ein selskapskreditor må først gjere sitt krav gjeldande mot Selskapet. Om kreditor ikkje oppnår dekning av Selskapet innan 14 dagar rekna frå påkrav, kan kreditor krevje den enkelte deltakarkommune direkte for deltakarane sin del av ansvaret.

Ein deltakar som heilt eller delvis har dekt ei fordring på Selskapet, kan straks søkje tilbake sitt utlegg av Selskapet.

§ 6

Selskapskapital

Sum selskapskapital (eigenkapital) er kr. 2.000.000,- (2 mill. kr) og er fordelt i samsvar med § 5. Deltakarane skal skyte inn sin respektive andel så snart Selskapet er stifta. Deltakarane har ikkje ytterlegare innskotsplikt, om ikkje dette følgjer av Selskapet sitt årsbudsjett og kvar deltakarkommune sitt budsjett for same år er godkjend med slik innskotsplikt.

Om styret har grunn til å tru at Selskapet ikkje kan oppfylle sine plikter etter kvart som dei forfall, skal det straks sende Hamnerådet (representantskapet) melding om dette. Tilsvarande melding skal sendast deltakarkommunane. Med mindre hamnerådet legg fram ein plan om fortsatt drift som vil gi fordringshavarane dekning ved forfall, og som deltakarkommunane slutter seg til, skal Selskapet oppløysast og verksemda avviklast, jf. også § 20.

§ 7

Hamnerådet

Selskapet skal ha eit representantskap, heretter kalla hamneråd. Rådet skal ha 6 medlemmer. Kvar av deltakarkommunane oppnemner medlemmer og varamedlemmer som følgjer:

Lindås kommune: 3 medlemmer og 3 varamedlemmer

Fjell kommune: 3 medlemmer og 3 varamedlemmer

Hamnerådet sine medlemmer og varamedlemmer vert oppnemnt for 4 år om gangen av dei respektive kommunestyra. Valperioden skal tilsvara den kommunale valperioden. Leiar og nestleiar vert vald av dei kommunale medlemmane i hamnerådet, og slik at ansvaret alternerer mellom kommunane.

Deltakarkommunane skal søkje å etablera eit hamneråd med breiast og mest mogleg relevant utdanning og røynsle i høve føremålet og dei tenestene Selskapet skal ha ansvar for. Ved val av representantar bør dei respektive kommunestyra også velja representantar i hamnerådet som ikkje har sete i kommunestyret eller andre politiske organ.

§ 8

Hamnerådet sitt ansvarsfelt og mynde

Hamnerådet er øvste mynde i selskapet. Deltakarane utøver sitt mynde i selskapet gjennom hamnerådet. Rådet skal handsame og avgjere følgjande saker:

- a) Fastsette selskapet sitt rekneskap, budsjett og økonomiplan.
- b) Val av styre, samt styret sin leiar og nestleiar, inkl. honorar til medlemmane i styret.
- c) Val av revisor, inkl. revisor sitt honorar.
- d) Andre saker som etter hamnelova eller anna lov eller selskapsavtalen skal handsamast i hamnerådet.

Hamnerådet kan ta opp lån for å finansiere investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmidlar til eige bruk, og til konvertering av eldre lånegjeld, eventuelt vedta opptak av likviditetslån, som i tilfelle må gjerast opp før avslutning av rekneskapen for vedkomande budsjettår. Jf § 22 i Lov om interkommunale selskaper.

Selskapet sitt samla lånepunktak kan ikkje, utan samtykke fra kvar av deltakarkommunane, overstige 50.000.000 (50 mill.) kr. Hamnerådet kan ikkje gjere vedtak om å stille tryggleik, eller å pantsetje Selskapet sine eigedelar til tryggleik, for andre sine økonomiske plikter.

Det er ein føresetnad at dei årlege kapitalutgiftene som følgjer av lånepunktak vert dekka innafor dei årlege driftsbudsjett.

Årsrekneskapen med revisjonsmelding og årsmelding skal gjerast i samsvar med reknesakslovgjevinga, og skal fastsetjast av hamnerådet før 1.mai påfølgjande år. (For meir detaljar, sjå §16)

§ 9

Innkalling til møte i hamnerådet

Hamnerådet sin leiar kallar inn til møte når det er naudsynt for handsaming av ei sak som etter lova eller selskapsavtalen skal handsamast av hamnerådet, og når det elles er naudsynt for handsaming av ei bestemt sak. Hamnerådsleiaren plikter å kalle hamnerådet til møte når styret, revisor, minst ein av deltarane eller minst ein tredel av rådet sine medlemmer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til hamnerådsmøte skal skje med minst 2 vekers varsel, og skal innehalde saksliste. Deltakarkommunane v/ordførar skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista. Hamnerådet sin leiar kan innkalle til møte med kortare frist i tilfelle kor dette er påkrevd.

§ 10

Sakshandsaminga i hamnerådet

Kvar representant har ei stemme. Rådet er vedtaksført når minst halvparten/ minimum 4 av medlemmane er til stades.

Saker som ikkje er meldt representantane etter dei reglar som gjeld for innkalling, kan ikkje handsamast av hamnerådet med mindre samlege representantar er samde i dette. I tillegg til dei som har rett til å krevje hamnerådet innkalla etter § 8, kan styret sin leiar og hamnesjefen føreslå ei sak tatt opp til handsaming etter reglane framom.

Hamnerådet sine møte vert leia av leiar eller, i leiar sitt fråvær, av nestleiar. Om ingen av desse er til stades, skal møteleiar veljast av rådet.

Med mindre anna er fastsatt i lov eller i selskapsavtalen, gjeld som hamnerådet sitt vedtak det som fleirtalet har røyst for. Ved likt røystetal er møteleiaren si røyst avgjerande. Ved val er den eller dei vald som får flest røyster. Hamnerådet kan på førehand fastsetje at det skal haldast ny avrøysting om ingen får fleirtall.

Når hamnerådet i einskildsaker ikkje fastset noko anna, har styret sine medlemer og hamnesjefen rett til å være til stades i hamnerådet sine møter og til å uttale seg. Styreleiar og hamnesjef har plikt til å være til stades med mindre det heilt klart ikkje er naudsynt, eller det ligg føre gyldig forfall. I slike tilfelle skal hamnerådet velje ein erstattar. Også ordfører og rådmann i den enkelte deltakarkommune har rett til å vera i rådsmøta og til å uttale seg.

Møteleiaren har ansvar for at det vert ført protokoll frå møtet. Protokollen skal underskrivast av møteleiaren og to av hamnerådet sine medlemmar. Desse to skal veljast i starten på møtet. Styremedlemmene og hamnesjefen har rett til å få sitt syn i ei sak innført i protokollen.

§11

Hamnestyret

Selskapet skal ha eit styre på 7 medlemmar og tilsvarande tal personlege varamedlemmar. Hamnerådet oppnemner medlemmer og varamedlemmer som følgjer:

Fjell kommune: 2 medlemmer og 2 varamedlemmer

Lindås kommune: 2 medlemmer og 2 varamedlemmer

Styret skal i tillegg ha følgjande medlemmer:

Lokalt næringsliv/ brukarar av hamna: 2 medlemmer og 2 varamedlemmer. 1 resp. 1 frå kvar av deltakarkommunane. Desse vert valde av hamnerådet etter framlegg frå brukarane.

Tilsette 1 medlem og 1 varamedlem

Medlemmane skal fungere for fire år om gangen. Funksjonstida følgjer kommunelova. Det nyvalde styret skal avløyse det sitjande innan 01.12. Styreleiar skal veljast blant dei kommunalt valde medlemmane, og skal alternere mellom kommunane for kvar valperiode.

Hamnerådet skal søkje å etablera eit hamnestyre med breiast og mest mogleg relevant utdanning og røynsle i høve føremålet og dei tenestene Selskapet skal ha ansvar for.

§ 12

Innkalling til styremøte

Styreleiar har ansvar for at styret har møte når dette vert vurdert som naudsynt og tenleg.

Styremedlemmer og/ eller hamnesjef kan krevje at styret vert kalla til møte.

Hamnesjefen skal delta på styremøta med talerett og rett til å kome med framlegg i møtet. Styret kan i enkelte tilfelle/ særlege saker vedta å fråvike dette.

Styreleiar kallar inn til møta. Innkallinga skal skje skriftleg (brev/epost) og skal vere motteke seinast ei (1) veke på førehånd. Innkallinga skal, så langt det er mogleg, innehalde ei saksliste. Nærare detaljar om praksis vedkomande innkalling m.v vert å fastsetja av det enkelte styre i første møte etter konstituering.

§ 13

Sakshandsaming i styret

Styret er vedtaksført når minst 4 styremedlemmer er til stades.

Nestleiar kan leie møta om styreleiar ikkje er til stades. Om ingen av desse er til stades, kan medlemmene som er til stades velje ein annan møteleiar om ønskjeleg.

Styrevedtak er basert på alminnelege fleirtalsvedtak gjennom avrøysting. Fleirtalet må vera minimum ein tredel av samtlege styremedlemmer om vedtaket skal vere gyldig. Om konkurrerande framlegg får like mange røyster, er møteleiaren si røyst avgjerande.

Styret skal føre protokoll frå møta, og denne skal underskrivast av 2 (to) styremedlemmer som deltek i dei respektive møta. Av protokollen skal det gå fram kva utfall av stemmegjevinga i røystesaker har vore. Om styremedlem(mer) eller hamnesjefen er usamd med avgjelder i styret eller av andre grunner ønskjer det, kan dei krevje å få sine synspunkt og merknader innført i protokollen.

Protokollen er gyldig når den er underteikna av alle styremedlemmar som deltek i møtet.

§ 14

Styret sitt mynde

Styret har ansvar for ei tilfredsstillande organisering av Selskapet si daglege verksemd, og skal sjå til at drifta er i samsvar med hamnelovgjevinga og anna relevant lovverk, Selskapet sine føremål, budsjett og andre vedtak og retningslinjer vedteke av hamnerådet. Styret skal også sikra at bokføring og forvaltning skjer under god kontroll og i samsvar med lover og føresegner.

Vedtak om:

- a) å avhende eller pantsette fast eigedom eller andre større kapitalgjenstandar eller
- b) å føreta investeringar som er viktig for Selskapet eller ein eller flere av deltakarane kan berre gjerast av hamnerådet etter framlegg frå styret.

Styret skal sjå til at midlar knytt til sal av eigedelar som nemnt framom, ikkje nyttast til å dekke løpende kostnader.

Hamnestyret har rett til å uttale seg i alle saker som kan ha konsekvensar for drift og forvalting av Selskapet, når slike saker er til handsaming i deltakarkommunane sine organ og/eller institusjonar.

Styret har arbeidsgjevaransvaret og ansvaret for rettane etter arbeidsmiljølova for dei til kvar tid tilsette i Selskapet.

Styret skal føre tilsyn med hamnesjefen si leiing av verksemda. Dette inneber også å fastsette personalreglement og andre retningslinjer som gjeld personalforvaltinga.

Styreleiar eller hamnesjef ivaretok Selskapet sine interesser under lokale lønstringingar. Hamnestyret skal godkjenne tingingsresultatet.

§ 15

Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar med stillingsnemning hamnesjef. Hamnestyret har ansvar for tilsetting av hamnesjefen, som skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret har vedteke.

Dagleg leiing gjeld ikkje saker som er av uvanlig art og/ eller av særleg stor og prinsipiell art. Slike saker kan hamnesjefen, i samråd med styreleiar, berre ta avgjerd om når styret i den enkelte sak har gitt han mynde til det, eller når styret si avgjerd ikkje kan vente utan vesentlig blempe for Selskapet. Styret skal i så fall snarast mogleg verte gjort kjend med sakstilhøva.

Hamnesjefen skal normalt, om ikkje hamnerådsleiar eller styreleiar i den enkelte sak/ situasjon fastset noko anna, førebu dei sakar som skal handsamast i råd og/eller styre og gje innstilling til vedtak.

Hamnesjefen har det daglege ansvaret for hamneselskapet si personalforvalting, jf. også styret si rolle i den samanheng (sjå § 14).

§ 16

Representasjon, rekneskap, revisjon, budsjettering og langtidsplanlegging

Styret representerer selskapet utad og bind selskapet med si underskrift. Styret kan gje styremedlemmer og/ eller hamnesjefen same rett, og kan avgjere at den/dei som har slik rett, må utøve den i fellesskap.

Hamnesjefen representerer Selskapet utad i saker som fell inn under hans mynde etter § 15.

Selskapet skal føre rekneskap etter den til kvar tid gjeldande rekneskapslovgjeving. Rekneskapen vert vedteke av hamnerådet, som også vel Selskapet sin revisor.

Hamnestyret førebur hamnerådet sine vedtak om økonomiske rammer for komande år (årsbudsjett), og legg fram sakstilfang om dette innan utgangen av november månad kvart år.

Hamnerådet skal ein gang i året vedta Selskapet sin økonomiplan/langtidsbudsjett i samsvar med gjeldande krav og føresetnader i Lov om interkommunale selskap. Økonomiplanen skal omfatte dei fire (4) neste budsjettåra, og ligge til grunn for Selskapet sitt budsjettarbeid og øvrig planleggingsarbeid.

Om hamnestyret går ut over tidlegare vedtekne økonomiske føresetnader i budsjett/ økonomiplan, skal både hamneråd og kommunestyra i deltakarkommunane gjerast kjend med dette.

Styret har ansvaret for meir detaljert fordeling innafor rammene som vert fastlagt av hamnerådet.

Driftsåret følgjer kalenderåret. Årsrekneskapen skal vere avlagt og handsama av styret innan 15.februar påfølgjande år, og vere ferdig revidert innan 15.mars.

Selskapet skal i kvar funksjonsperiode (4 år) utarbeida ein langsiktig Strategiplan for dei neste 12 åra. Planen vert å leggje fram for kommunestyra i deltakarkommunane til orientering.

§ 17

Konkurrerande verksemd

Ein deltakarkommune har ikkje rett til å drive verksemd som kjem i konkurranse med Selskapet.

§ 18

Opphøyr av deltaking

Kvar deltakarkommune som ønskjer det kan seie opp si deltaking i Selskapet. Slik oppseiing kan fremjast med eitt (1) års skriftleg varsel, og får effekt frå byrjinga av det påfølgjande budsjettåret. Likevel tidlegast fire (4) år etter at dei formelt vart deltarar.

Om ein deltarar sine rettar er blitt krenka ved vesentleg misleghald av selskapsavtalane, kan vedkomande likevel krevje si deltaking til opphør med umiddelbar verknad.

Ved opphøyr skal det fastsettast ein opphøyrssum tilsvarende vedkomande sin del av Selskapet sin nettoverdi ved tidspunktet for utløp av deltararforholdet. Opphøyrssummen kan likevel ikkje overstige pålydande verdi av deltarar(ane) sitt/ sin(e) innskot, jf. § 5. Summen vert å utbetale utan opphald.

For meir detaljar i høve ein evt slik situasjon, viser ein til §30 Uttreden i Lov om interkommunale selskaper, som vert å sjå på som ein del av desse vedtekten.

Om ein deltarar trer ut, skal Selskapet sin disposisjonsrett til hamneanlegg m.v i vedkomande kommune falle bort på den måten som er fastsett i §20 nedanfor.

§ 19

Misleghald

Om ein/fleire deltarar(ar) mislegheld si deltaking i Selskapet, kan dei andre deltararane avgjere at vedkomande deltarar(ar) si deltaking skal opphøyre. Eit slikt vedtak må vere samråystes blant dei andre deltararane for å vere gyldig. Den/dei som eit slikt vedtak gjeld, skal få kjennskap til vedtaket og grunnlaget for dette skriftleg. Deltakaran(e) sine representantar i hamnerådet og styret må gå ut av sine verv utan opphald.

§ 31 i Lov om interkommunale selskaper er meir detaljert, og vil gjelde i høve ein evt slik situasjon. Den/dei som evt. vert vurdert til å ha misleghalte si deltaking i Selskapet, kan ta dette inn for departementet innan ein (1) månad etter at vedkomande har motteke melding om opphøyr av deltaking.

Om ein deltarar trer ut, skal Selskapet sin disposisjonsrett til hamneanlegg m.v i vedkomande kommune falle bort på den måten som er fastsett i §20 nedanfor.

§ 20

Oppløysing og avvikling

Om kommunestyra i alle dei deltagande kommunane gjer slikt vedtak, kan Selskapet verte oppløyst. Den enkelte kommune kan også krevje Selskapet oppløyst dersom kommunen (som deltar) sine rettar er blitt krenka gjennom vesentleg misleghald av Selskapet.

Selskapet sin aktivitet kan halde fram i den utstrekning avviklingsstyret finn det tenleg.

Selskapet sine midlar skal omgjera i pengar om ikke samtlege deltarar er samde om naturaldeling eller anna departementet har fastsatt for avviklinga. Nettoverdien av dei midlar som slik kjem fram, etter at alle Selskapet sine pliktar, inkludert eventuelt ansvarleg lån e.l. er dekka, vert å fordela på deltakerne i samsvar med deira del av Selskapet, jf. § 4.

Dette gjeld likevel ikkje for Selskapet sin disposisjonsrett til hamneanlegg m.v. i dei respektive deltagerkommunane, av di nemnte rett utan vederlag skal opphøye ved oppløsing av Selskapet. Det er ein føresetnad for slikt opphør av disposisjonsretten at vedkomande kommune samstundes tek over dei pliktar Selskapet har påtatt seg ved etablering, utvikling e.l. av desse hamneanlegga og installasjonar m.v., slik at Selskapet vert friteke for slike pliktar med endeleg verknad.

Lov om interkommunale selskaper sine §32 Opplosning, §33 Avviklingsstyre, §34 Avviklingen, §35 Sikrede midler og §36 Deltakernes ansvar etter avvikling inneholder fleire detaljar i høve ein slik eventuell situasjon, og er ein del av desse vedtekten.

§ 21

Valdgift

Einkvar tvist som måtte oppstå i tilknytning til selskapsforholdet vert å avgjera ved valdgift etter kap 32 i Tistemålsloven. Kvar av partane vel ein valdgiftsmann, og desse vel så ein formann som skal vere jurist. Om ein part ikkje vel valdgiftsmann, eller det ikkje vert semje om val av formann, skjer slik oppnemning /val av Sorenskrivaren i Nordhordland.

Ved fastsetting av utløysingssum etter §§ 18 og 19, skal valdgiftsnemnda sin formann anten vere statsautorisert revisor eller registrert revisor.

Valdgiftsnemnda avgjer kven som skal betale utgiftene ved fastsetting av utløysingssum, inkludert samla utgifter/salær til nemnda. Også elles avgjer nemnda kven som skal betale saksomkostningane.

§ 22

Endring av selskapsavtalen

Følgjande punkt i denne selskapsavtalen føreset semje frå kommunestyra i samtlege deltakerkommunar for å verte endra:

§ 1 – Namn/ organisasjonsform

§ 2 – Kontorstad

§ 3 – Føremål

§ 5 – Deltakarar/ deltakaransvar

§ 6 – Selskapskapital

§ 7 – Hamnerådet

§ 11 – Hamnestyret.

Elles kan selskapsavtalen endrast ved vedtak i hamnerådet med minst to tredelar av eigarkommunane sine samla stemmar.

Endringer i avtalen/ vedtekten kan ikkje gjerast om dei stir mot gjeldande lovgjeving.

Lov om interkommunale selskaper skal gjelde for Selskapet så langt reglar i lova ikkje er i strid med det som er fastlagt, og lovleg kan fastleggast, i selskapsavtalen/ vedtekten.

§ 23

Avtaleeksemplar

Denne avtalen er utarbeidd i ein (1) original, som vert å oppbevare av Selskapet på vegne av deltakarkommunane. Kvar av deltakarkommunane mottek ein stadfesta kopi av avtalen.
